Vestland fylkeskommune

KII - Kunst- og kulturutvikling
Møtereferat

Referent: Åge Avedal
Dato 20.01.2022

Emne:	Referat frå arbeidsgruppa for paraplysamarbeid innan frivillig sektor, 20. januar 2022	
Til stades:	Janne-Christin Rabben (Norges Musikkorpsforbund Hordaland), Vibecke Magnus (FFO Vestland), Torgeir Toppe (VOFO Vestland), Marianne Hoff (Vestland Musikkråd), Benedict Ernest Peter (Vestland innvandrerråd), Trude Iversen (Bergen og Hordaland turlag), Per Ole Ekker (Vestland Frivilligsentralar), Geir Storrø (Askøy amatørkulturråd), Gina Blomberg (Hordaland Husflidslag), Ronny Bjørnar Skaar (Vestland fylkeskommune), Åge Avedal (Vestland fylkeskommune)	
Forfall:	Mari Byrknes (Ung i kor Vest), Everline Konyo Mjømen (Vestland innvandrerråd)	**Sak**: 2022/6618 - 1
Møtetid:	20.01.2022	Møtestad: Teams

Møteleiar: Ronny Skaar

Presentasjonen frå møtet er lagt ved i e-posten saman med møtereferatet.

1. Presentasjon av deltakarane og kort om arbeidet i gruppa

Deltakarane presenterte seg.

Ronny orienterte om kva innspel ein ønskjer frå arbeidsgruppa, og refererte m.a. til tiltak i frivilligstrategien og vedtak i hovudutval for kultur, idrett og integrering.

2. Kva vil deltakarane nytte arbeidsgruppa til?

Innspel som kom opp under denne runden:

- Amatørkulturråda er inspirert av idrettsråda, og det er mål om å få dette opp i fleire kommunar og regionalt.
- Ønskjer å få og dele erfaringar. Organisasjonane bør jobbe med både fag og organisasjon.
- Saknar aktivitetsråd for friluftsorganisasjonar mfl. i kommunar og regionalt, a la idrettsråd.
- Dele erfaringar. Felles kurs innan t.d. søknadsarbeid, arenautvikling.
- Få oversikt og hjelp til m.a. opplæring i styrearbeid.
- Kan vi gjere noko i lag for å få betre arenaer og lokale for aktivitet?
- Informasjon og kommunikasjon. Nyttig og lærerikt å lære av andre på tvers.
- Saknar nettverk for å lære og dele.
- Paraplyorganisasjonane har tradisjon for å «sitte på eiga tue», men treng å møtast. Viktig å sette ulike organisasjonar i kontakt med kvarandre, og bygge ned barrierar for deltaking. Menneske med funksjonsnedsetting bør lettare kunne bli med i alle typar organisasjonar.
- Dele kunnskap om organisasjonsutvikling og styrearbeid.
- Samarbeidet mellom minoritetsorganisasjonar og andre organisasjonar bør styrkast.

3. Kva finst av paraplysamarbeid og nettverk i fylket i dag og kva manglar?

Gjennomgang av kva paraplyorganisasjonar for frivillig sektor vi har i Vestland.

Tema som kom opp under saka:

- Diskusjon om verdiskapinga i frivillig sektor og kor viktig det er at denne blir vist fram.
- Per i dag i Vestland manglar det m.a. paraplyorganisasjon for barne- og ungdomsfeltet, for delar av frivillig kulturliv og frivillig kulturminnevern.
- Kulturlivet er per i dag ikkje godt nok samla i mange kommunar, og har dermed ikkje med ei felles stemme.

4. Innspel til politisk sak om paraplysamarbeid til hovudutval for kultur, idrett og integrering

Åge orienterte om den politiske saka som vil bli lagt fram for hovudutvalet denne våren. Saka vil bli tatt opp igjen med meir detaljar på neste møte i arbeidsgruppa.

Dei som har innspel til den politiske saka per no er oppmoda om å sende dette på e-post til Ronny og Åge.

5. Kva tiltak bør vi setje i gang for å utvikle samarbeidet og nettverka mellom regionale frivillige organisasjonar?

Nokre av innspela som kom opp under denne runden:

- Som organisasjonar kan vi bidra med kompetanse som kan delast med andre organisasjonar.
- Fylkeskommunen kan invitere til møteplassar, og organisasjonane kan mobilisere til deltaking.
- Det blir invitert til samling for (amatør)kulturråda i kommunane seinare i vår i regi av amatørkulturråda i Askøy og Bergen i samarbeid med fylkeskommunen.
- Oppdaterte kontaktlister til frivillige organisasjonar er viktig.
- Digitale og fysiske møte for å kunne dele og lære av kvarandre.
- Fylkeskommunen kan fasilitere møte i eit frivilligforum for paraplyar og større regionale organisasjonar a la folkehelseforum i Vestland.

Det kom også opp fleire idear til tiltak for å utvikle samarbeidet og nettverka under dei tidlegare sakene i møtet. Det er høve til å sende fleire innspel på e-post etter møtet.

6. Eventuelt

Neste møte: Tysdag 1. mars kl. 9.30 – 11.00 på Teams.

Åge Avedal
- referent -